

Møte for lukkede dører, Stortinget 8. februar 1937

Møte for lukkede dører i Stortinget
den 8. februar 1937 kl. 11.00

President: Magnus Nilssen

Dagsorden:

1. Utenriksministeren vil gi handelspolitisk oversikt.
2. Referat.

Presidenten: Presidenten foreslår dette møtet holdt for lukkede dører.

Votering:

Presidentens forslag bifaltes enstemmig.

Presidenten: Videre foreslåes at Regjeringens medlemmer og de i forretningsordenens § 54 nevnte funksjonærer samt utenriksråden og byråchefene Aass og Hougen gis adgang til møtet.

Votering:

Presidentens forslag bifaltes enstemmig.

Presidenten: Presidenten skal meddele at de innkalte varamenn, for kjøpstædene i Vest-Agder og Rogaland fylker sorenskriver Rudolf Elias Peersen, og for Bergen høiesterettsadvokat Arthur Sundt, har tatt sete.

Statsråd Koht:¹ Når eg i dag for fyrste gong skal leggja fram for det nye stortinget eit oversyn over handelspolitiske hendingar og vilkår sidan det fyrre stortinget skildest, då må eg vel gå ut ifrå at dei nye tingmennene ikkje har slik kjennskap til alt det som fyrr har gått for seg på dette området, som dei gamle tingmennene naturleg har. Det er likevel ikkje mogleg å gjeva her heile bakgrunnen for alle dei serskilde tinga eg skal tala om, og eg må i so måte få lov å visa til dei handelspolitiske utgreiingane eg fyrr har gjeve Stortinget, i fjor soleis den 7 februar og 14 juli. Men eg skal då freista på å gjera kvar einskild ting so klår og heilsleg som eg kan.

Når denne utgreiinga kjem fram i møte bak stengde dører, so er det ikkje for di det er berre løynlege saker eg skal tala om. Mykje av det eg legg fram, kunde eg likso gjerne segja for opne dører, og ikkje so lite av det har beint fram vore opplyst i blada. Men her som eg kan tale heilt fritt, kan eg då nemna mange ting som kan kasta betre ljøs over spørsmåla og som kan gjeva Stortinget betre grunnlag for å taka standpunkt enn det elles var råd til. Mange gonger hender det at sumt av det viktigaste i handelsavtalane må vera løynleg, og endå mindre kan ein kunngjera om det som har gått for seg i forhandlingane;

¹ Herfra gjengitt etter trykt, hemmelig dokument: Dokument C (1937).

men det kan sumtid lære oss mest om sjølve vilkåra for handelspolitikken.

Det er naturleg at eg byrjar med å nemna dei nye avtalane som har kome i stand sidan Stortinget sist var samla. Det er no ikkje so mange; men kvar av dei har sitt rom i det økonomiske livet vårt.

Alt i fjor kunde eg fortelja at vi hadde fått underskrive ein handelsavtale med Uruguay den 4 april, - det var eit land som vi ikkje fyrr hadde nokon slik avtale med. Ein ting var det no å få avtalen underskriven, ein heilt annan ting var det å få han lovleg stadfest so han kunde taka til å gjelda. På norsk side ratifiserte vi han alt den 25 juni. Men i Uruguay tek slikt mykje lengre tid; der ligg det endå avtalar uratifisert som vart underskrivne for både to og tri år sidan. Det kan vera parlamentariske vanar der i landet som fører slikt med seg. Men i ser kan det vera motsetningar i økonomiske synsmåtar som vekker strid og dermed hindrar den endelege godkjenninga. Det er difor ein merkeleg ting at det lukkast å få avtalen med Noreg ratifisert i den uruguayiske kongressen so tidleg som i november som var. Det vitnar om den samhugen Noreg kan gleda seg ved der i landet. Men vi skylder ei serleg takk for det til sendemannen vår i Buenos Aires, Rolf Andvord, - ei takk både for at han fekk avtalen i stand og for at han dreiv ratifiseringa fram. Det er ei dramatisk lita historie for seg sjølv, korleis den norske avtalen gong på gong vart sett upp på saklista og teken ut or saklista i baa kamra i kongressen, og det skulde både list og lempe og seig trott til å få saka igjenom. Men det gjekk, og den 12 januar i år kunde vi byta ut ratifikasjonsdokumenta her i Oslo. Femtan dagar etter tok so avtalen til å gjelda. Fruktar av han er det soleis endå ikkje råd til å tala om. Men vi har god grunn til å vona at han skal fremma den norske utførsla til Uruguay; for han gjev ikke berre lette i innførsels- avgiftene, men dessutan trygd for betalings-valuta, og dette siste har i våre dagar vorte nok av det viktigaste i den millomfolkelege handelen.

Det var nett dette spørsmålet som var hovudsaka i dei forhandlingane vi tok upp med Romania utpå hausten 1935 og som endeleg førde til ein avtale den 10 desember 1936. Det hadde vorte so vanskeleg å få valuta der i landet til betaling for utanlands varer, so utførsla vår dit minka frå år til år. Andre land hadde same vansken; men det som gjorde vansken serleg stor for Noreg, det var at vår eiga innførsel frå Romania kom ikkje beinveges, men gjekk igjenom andre land fyrst. Og sidan Romania hadde sett seg på den handelspolitikken at det vilde avgrensa innførsla si etter det som det fekk selt beinveges til det andre landet, so var det ikkje greitt å få det med på ein betalingsavtale med Noreg som skapte vilkår for utførsla vår dit. Vi måtte likevel freista få i stand ein betalingsavtale, beint fram for di det var den einaste utvegen for oss til å få betaling både for det vi alt hadde selt dit i dei siste åra og for det som vi ynskte å selja dit i framtida. Dei serskilde politiske vilkåra i Romania gjorde no at det gjekk både seint og trått med forhandlingane der burte; men etter den nye chargé d'affaires vi hadde fått i Bucuresti hadde fyrebudd grunnen, sende vi til slutt ein serskild mann ifrå departementet til å hjelpa til å få forhandlingane førde til endes. Og so fekk vi

da vedteken ein betalings- eller clearing-avtale som tek omsyn til den norske innførsla frå Romania anten so varene blir kjøpt beinveges eller omveges. Eg skal ikkje her gå inn på alle dei tekniske detaljane i denne avtalen; dei kan ein lettare granska når ein har heile avtalen fyre seg, - han blir lagd fram for Stortinget. Eg skal berre nemna at vi har fått inn forskrifter som fører til at dei fastfrosne krava våre i Romania kan bli løyst ut mykje fortare enn etter dei reglane som gjeld for andre land. Dette heng no i hop med besninga i dei økonomiske vilkåra der i landet, so det kan vel henda at avtalen med Noreg er innleidinga til ein lempelegare handelspolitikk i Romania, om so grunnlaget for denne politikken blir verande det same som fyrr.

Eg vil elles ikkje dylja for at vi alt har møtt visse vanskar med å få den nye avtalen heilt ut gjennomført. Andre land har havt same røynsla. For vårt vedkomande skriv vansken seg ifrå at oljeselskapa i Romania ikkje bryr seg om å selja olja si over clearing, men vil ha reide pengar. Og sidan det nett var oljekjøp som serskilt skulde hjelpa oss til å få betaling for utførsla vår, so kan denne motviljen hos oljeselskapa lett gjera heile avtalen vår fåfengd. Vi har no teke upp dette nye spørsmålet med den roménske regjeringa, og eg vil enda leggja attåt at vi samarbeider godt med det selskapet som greier med oljeinnførsla frå Romania her i landet, Norsk-Engelsk Mineralolje A/S (Nemak).

Etter måten er det no rett små økonomiske interesser som kjem inn i handels-tilhøvet vårt til Romania. Annleis er det med den handelen vi har med Frankrike og som vi fekk ein ny avtale for no sist 22 desember.

Alle stortingsmennene veit at vi i det siste har havt serskilte kontingenteringsavtalar med Frankrike for eitt år om gongen, omfram den gamle ålmenne handelsavtalen. Tilleggs-avtalane gjeld for kalenderåret, frå nyår til nyår. Men for 1935 vart dei likevel ikkje oppattnya tidlegare enn 3 april s.å., og for 1936 vart avtalen for året underskriven den 20 februar. Denne gongen, for 1937, lukkast det å få avtalen i stand alt fyre nyåret, og dermed slapp vi for ei utrygg overgangstid. Det er til vinning for forhandlingane òg, at ein ikkje har over seg dette trugsmålet av at ein lever berre på millombels vilkår.

Da vi forhandla med Frankrike på nyåret i fjor, hadde vi den fyremunen at vi kunde visa til ein munaleg auke i den franske innførsla til landet vårt i siste året, og på det grunnlaget kunde vi krevja større kontingentar for den norske utførsla. No i dei siste forhandlingane stod ikkje tilhøvet slik; denne gongen hadde Frankrike fyremunen på si side. Men so tenkte vi at vi i det minste kunde freista på å gjera oss nytte av dei nye handelsprinsippa som den franske regjeringa hadde forkynt samstundes med franc-nedskjeringa i slutten av september i fjor, og som ho høgtideleg hadde gjeve fråsegn om til Noreg den 5 oktober. Dei norske forhandlarane byrja difor med å segja at vi vel no kunde rekna på meir liberal medferd hos Frankrike enn fyrr, so det kanskje kunde bli slutt på sume av kontingenteringane. Eg må her skyta inn at i samband med franc-nedskjeringa hadde den franske regjeringa teke burt kontingenteringa for ymse varer; men av norske utførselsvarer

var det berre ei einaste ei, og det ikkje noko stor vare, som dermed slapp fri, - det var eit einskilt papirslag (vassmerkt papir). Men då forhandlarane våre pukka på det nye fridomsprogrammet, då fekk dei til svar at dess verre hadde ikkje det ført til slike liberale tiltak i andre land so det var mogleg for Frankrike å gå lenger på den vegen. Dei norske forhandlarane peikte då på at Noreg hadde ikkje so mykje av dei banda på handelen som Frankrike hadde ynskt få burt, so Frankrike kunde vel i det minste syna liberalismen sin i tilhøvet til oss. Men dei franske forhandlarane svara at det var ikkje mogleg å halda uppe ein liberal handelspolitikk imot sume land når han ikkje kunde gjelda for alle. Ja, då dei so kom inn på sjølve dei praktiske spørsmåla, då synte det seg at dei franske forhandlarane kravde full fridom for den franske utførsla til Noreg, men ikkje vilde gjeva minste vederlag i fridom på den franske sida.

Den einaste franske vara som vi i Noreg har lisens-skipnad for, er automobilar, og vi har vore so liberale so vi har late Frankrike få auka bil-utførsla si hit i store mengder; i røynda har vi svara ja til alle franske søknader om innførsels-lisens for bilar. Likevel kravde dei franske forhandlarane at vi på fyrehand skulde lova uavgrensa innførsel for dei franske bilane. Og dei truga med at om ikkje Noreg gjekk med på dette, so vilde dei bryta heile forhandlinga og la Noreg stå utan kontingent-avtale frå nyåret. Det vilde då segja at dei etter reglane sine vilde slå ned den norske utførsla til Frankrike til berre 25 prosent av det som ho var i eitt av dei fyrre åra. Dette var - ein kan vel segje: eit alt anna enn liberalt trugsmål. Og vi bøygde oss for det. Etter den måten vi fyrr hadde gått fram på i spørsmålet om den franske bil innførsla, so hadde det ikkje so svært mykje reelt å segja for oss om vi gav den lovnaden franskmennene kravde. Vi hadde større interesser på andre område. Men det er no aldri morosamt å bli tvinga på den måten. Eg hadde nok på fyrehand ein mistanke om at dei nye liberale prinsippa Frankrike hadde forkynt, heller var krav til andre enn program for landet sjølv. Men det var endå leitt å få dette stadfest i slik ei form.

I eit anna spørsmål ynskte vi på vår side å få ende på ein serskild fransk fridomsrett her i landet. Og vi hadde gode grunnar for dette ynsket vårt. Det galdt den fyreretten som franske vinhus har til å selja lettvin til Noreg utanom Vinmonopolet. Vi fekk gjort ende på slik privat-innførsel for heitvin for eit par år sidan, og no er det berre lettvin frå Frankrike som har slik ein fyrerrett. Det er rimeleg at Vinmonopolet vil ha fullt herredøme over vin-innførsla i landet, og det er sårt at vi ikkje skal kunna råda sjølv for slike ting i landet vårt, - korkje i Sverige eller i Finnland har dei late Frankrike få slik ein fyrerrett. Dess verre var det ein mann frå sjølve Vinmonopolet som batt oss for nokre år sidan til denne skipnaden. Men no er det ingen som skjønner betre enn Vinmonopolet kor gale det er med den franske sersretten. Og det var etter oppmoding frå monopolet at vi no tok upp spørsmålet på nytt med Frankrike. Vi hadde den serskilde grunnen at etter det var stengt for privat-innførsla frå andre land, hadde ho auka svært ifrå Frankrike, og det var ikkje

difor vi hadde fått dei andre landa til å slutta, at vi vilde gjeva ein ny fyremun til Frankrike. Dess verre måtte vi høyra då vi no kom med ynskjemålet vårt i dette stykket, at just ombodsmannen frå Vinmonopolet hadde sagt til dei franske forhandlarane at no kunde dei ha von om å få auka privat-innførsla frå landet sitt. Og dei kravde at om dei skulde gå med på å gjeva upp fyreretten sin, so måtte Vinmonopolet lova å auka vinkjøpet sitt i Frankrike frå år til år i same munen som privat-innførsla hadde gått fram. Den franske regjeringa var i det heile svært trå på å gå inn i forhandling om dette spørsmålet, og ho avviste plent å forhandla om det i samband med kontingentavtalen. Ho gjekk berre med på å lova forhandling på det vilkåret at den norske regjeringa i hop med Vinmonopolet sa ifrå at dei i forhandlinga vilde taka omsyn til dei vonene som dei franske vinhusa kunde ha til å auka avsetninga si i Noreg. Etter denne fyresetninga skal serskild forhandling om dette spørsmålet koma i gang no den 10 februar; dei norske forhandlarane er alt på veg til Paris.

Sjølve den nye kontingenterings-avtalen er i hovudsaka eins med den fyrre, og eg skal ikkje gå inn på detaljane. Noreg fekk noko større kontingentar enn fyrr for sume varer, og vi fekk nokre nye varer inn på kontingentlista, varer som vi soleis kan rekna på å få selt til Frankrike. Dessutan vart kontingentreglane gjort noko meir tøyggjelege, so vi lettare kan nytta ut dei kontingentane vi har fått. Endeleg fekk vi større trygd for heile utførsla med di at vi fekk stroke forskrifta om rett til å segja upp avtalen kvart fjordungår. Soleis var det då ymse ting vi kunde rekna for vinning i den nye avtalen, men alt i hop innanfor kontingent-prinsippet, ingen ting av ny fridom. Den franske regjeringa nekta å opna meir enn fyrr for kunstgjødsel ifrå Noreg, og det verste var at ho no som fyrr nekta å taka burt den urettferdige seravgifta på norsk fiskhermetikkk som har stått ved lag no i meir enn tvo år; i båe tilfella har vi mått nøggjast berre med vene ord som ikkje har ført til gjerning. Vi har soleis i heile denne forhandlinga fått røynd at det er hard sjølvnytte som styrer den franske handelspolitikken no som fyrr. Vi har ingen rett til å venta noko anna. Men det gjev i det minste den lærdomen at ein skal ikkje la seg lokka til altfor stor optimisme når nye prinsipp blir forkynt.

Den viktigaste avtalen elles frå andre halvåret 1936 er kontingent- og clearing-avtalen med Italia frå 25 august. Stortinget veit at vi hadde fått den fyrste avtalen av dette slaget med Italia den 2 juli 1935, og den skulde gjelda for eit år. Men so kom sanksjonane etter Etiopia-krigen i oktober og november, og dermed vart juli-avtalen i røynda sett ut or kraft. Det har so titt vore sagt at denne sanksjons-politikken gjorde so svær ein skade på den norske handelen med Italia, og det er greitt nok at når vi stengde for all innførsla ifrå Italia, so måtte utførsla vår minka. Men det var i grunnen ikkje so svært mykje vi tapte. For vi hadde alt fått selt det aller meste som vi kunde selja til Italia av den viktigaste utførsels-vara vår, turrfisken, fyrr sanksjonane vart sett i verk. Og sidan kom sanksjonane til å bli avlyst fyrr den nye turrfisken skulde ut. Den andre store utførsels-vara vår til Italia, silke-cellulosen, vart seld dit for reide pengar jamvel

medan sanksjonane stod på. So tapet kom i hovudsaka berre på dei mindre utførsels-varene våre.

Då so sanksjonane vart avlyst frå 15 juli i fjor, då kom vi fort - tidlegare enn dei fleste andre landa - i forhandling med Italia om det nye handelssamkvemet. Og då vi fekk vår avtale i stand, var det berre to eller tri land som var fyre oss. Vi gjorde fyrst ein freistnad på å få den italienske regjeringa til å gå med på at den gamle avtalen frå året fyrr med ein gong skulde bli sett i kraft att. Men vi var fyrebudde på at Italia ikkje vilde la dette gjelda meir for oss enn for andre land, og vi fekk då òg det svaret at vi måtte tinga om heil ny avtale. Sidan det likevel kunde taka tid å få slik ny avtale i stand, baud Italia seg til å gjera ein millombels avtale med oss for den fyrste tida. Og den italienske regjeringa drog jamvel straks upp grunnlinene for slik ein millombels avtale: han skulde gjelda for tri månader, rekna frå midt i juli, all handelen i denne tida skulde gå over clearing på heilt ny konto, og dei italienske varekjøpa hos oss skulde bli sett ned på eit reint lågmål, - av turrfisk skulde soleis Italia ikkje kjøpa for meir enn 2 mill. lire, d.v.s. det vilde bli ei sending på omlag 800 tonn, ikkje so mykje som ein skikkeleg skipslast. Sume vil kanskje tru at når Italia på den måten vilde skjera ned innførsla ifrå Noreg, so var det til straff for dei sanksjonane vi hadde vore med på. Men eg torer segja - og eg har god grunn for det eg segjer - at nokon slik tanke låg ikkje bak det italienske framlegget. Eg tenker det er utanfor tvil at den sanne grunnen til nedskjeringa låg i den utarminga som krigen i Etiopia hadde ført over landet.

Det var no klårt nok at det som Italia soleis baud oss, det kunde ikkje vi gå med på, og dei sakkunnige som eg rådførde meg med, sa at vi måtte berre avvisa det. Dei fiskinteresserte peikte serskilt på at når dei tri månadene var ute, so var det ute med den beste tida for turrfisk- utførsla; skulde vi då berre ha selt ei 800 tonn, so var det det same som rein øydelegging for alle turrfisk-eksportørane, og den statsgarantien som var gjeven vilde flyga upp i mange, mange millionar. For min part sa eg likevel: nei, vi skal ikkje avvisa det italienske tilbodet; tvert imot, vi skal taka imot det til grunnlag for forhandlingar, og so kan vi i forhandlinga gjera framlegg om brigde i kvart einaste punkt. Ein av dei store fisk-eksportørane sa til meg: "Ja, då vil du vel krevja det dubbelte av turrfisk-kjøp?" Nei, svara eg, det femdubbelte! Men eg skjønnte godt at vi kunde ikkje krevja slik ein auke innanfor dei snaue tri månadene avtalen skulde gjelda. Og det vilde vera reint umogleg for oss å gjennomføra slik ein handel på clearing; for nett i dei månadene vi har den største utførsla til Italia, har vi den minste innførsla derifrå. Det måtte då vera naudsynt å få lengre tid for den millombels avtalen, og det var eg viss på at Italia med glede vilde gå med på; for dess lengre frest fekk det med betalinga på den gamle clearing-rekneskapen, dei 2-3 millionane kroner vi hadde fått innefrose der medan sanksjonane stod på. For våre egne eksportørar var det òg viktigare å få selt no straks enn å få gjort upp den gamle skulda.

Med dette programmet sende vi forhandlararar til Roma, og på 2 1/2 vike kom den nye avtalen i stand. Italianane gjekk straks

med på å setja lengre tid for avtalen, - eg hadde fyrst tenkt han burde gjelda til nyåret, men italianane bad so sjølv om å få han heilt fram til 31 mars, og vi slo straks til. På vår side hadde vi dermed den vinningen at vi ikkje berre fekk juleinnførsla frå Italia med i oppgjerd, men dessutan heile den store innførsla i dei fyrste månadene etter nyåret. Og på dette grunnlaget kunde vi so få turrfisk-kontingenten sett upp - om ikkje nett til det femdubbelte, so likevel til det firdubbelte av det fyrste tilbodet, noko slikt som 3 500 tonn. Turrfisken skulde vera halvparten av heile utførsla vår til Italia i denne tida; den andre halvparten vart mest fylt med silke-cellulose og tran, - allslags småvarer fekk berre sekstandeparten av heile utførsels-kontingenten vår.

Den summen som Italia skulde kjøpa norske varer for, var i avtalen frå 25 august sett til 16 mill. lire, og etter lira var nedskriven i fyrstninga på oktober, vart summen etter den nye kursen omrekna til 23,2 mill. lire; det er etter kursen i dag noko mindre enn 5 mill. kr. For so mykje måtte då vi i same tida kjøpa varer ifrå Italia, om clearinga skulde bera seg. Ja, i røynda måtte vi kjøpa noko meir; for det var avtala at 10 pct. av det vi betala inn på kontoen i Norges Bank, skulde gå til utjamning på dei skuldkrava vi hadde ståande frå fyrr hos banken i Roma. Og det har gått sopass bra med denne handelen, so desse krava våre i Roma no har minka ned til berre vèl 1 1/2 mill. kr.

No vil nok mange synast at om vi so fekk turrfisk-kontingenten upp til 3 500 tonn, so var likevel dette altfor lite. For dei minnest at i gamle dagar kunde vi selja både ti og tolv tusen tonn til Italia. Men so må dei ikkje gløyma heller at etter avtalen frå 1935 hadde Italia skore ned turrfisk-utførsla vår med 30 pct., ho skulde ikkje vera meir enn 70 pct. av det ho hadde vore i 1934. Då var ho på 10 000 tonn, so i 1935 skulde ho berre bli på 7 000 tonn. Og no i 1936 var den italienske kjøpe-evna endå mykje, mykje mindre enn året fyrr. Likevel lukkast det fyrr året var ute å få avsett til Italia endå ei god mengd turrfisk til, soleis at vi jamvel kan koma upp over 10 000 tonn. Det vart gjort på eit anna grunnlag, på det som ein kallar kompensasjon. No skal eg ikkje gå i detalj i denne saka; for det var ikkje Utanriksdepartementet, men Handelsdepartementet som hadde hovudarbeidet med ho, og upptaket kom ifrå Handelsdepartementet. Eg skal berre peika på hovud-resultatet: at det den 23 desember vart gjort ein avtale om at Bergenske Dampskibsselskap skulde byggja ein rutebåt i Triest for 8 mill. kr., mot at Italia skulde kjøpa 7 100 tonn turrfisk frå Noreg. Den norske staten hadde i haust kjøpt upp 5 700 tonn turrfisk for vèl 3 mill. kr., so ikkje tilverkarane skulde brenna inne med altfor store opplag. No kunde då staten fri seg for heile dette opplaget og attpå hjelpa tilverkarane med å få selt 1 400 tonn til. Tapet for staten vart no berre dei godt og vel 800 000 kroner som han måtte gjeva i tilskot til Bergenske for skipsbygginga. Samstundes held vi uppe marknaden vår for turrfisk i Italia og minkar godt ned på dei private opplaga. Det har undra meg mykje at sume fisk-eksportørar har kunna lasta den handelen som soleis vart gjort; han var då til vinning for alle partar her i landet. Det hadde

vore heilt annan grunn til klage om Handelsdepartementet og Regjeringa hadde vist ifrå seg slik ei forretning som dette.

Ei sak for seg er det at ein kan synast prisen for fisken vart for låg. Men han vart då sett i samsvar med den som Italia hadde betala i haust. Den gongen var det tilverkarane sjølve som hjelpte til å driva prisane ned. Dei heldt ikkje i hop soleis som dei burde ha gjort, men kappast om å få selja fyrst, og so underbaud dei kvarandre. Det trengst mykje sterkare samskipnad millom tilverkarar og eksportørar enn dei til no har havt, og kan dei ikkje greia dette sjølv, so blir staten nøydd til å gripa inn.

Eg må endå leggja attåt at den kompensasjonsforretninga eg her har tala om, går utanom både den gamle og den nye clearing-rekneskapen, jamvel soleis at om vi ikkje kan få fylt den turrfisk-kontingenten det her er spørsmål om av produksjonen frå siste året, so kan vi skøyta på med produksjonen i det året som no kjem, og likevel skal ikkje dette bli rekna frå i den nye kontingenten vi då skal få.

Den millombels avtalen på serskild clearing gjeld, som eg har sagt, til siste mars i år, og vi skal då med det aller fyrste i gang med nye forhandlingar om ein endeleg avtale med Italia. D.v.s. "endeleg" blir han vel ikkje på annan måte enn at han skal gjelda for eit år om gongen, men likevel då soleis at det blir samanheng i clearinga frå år til år.

De ser, herr president, at desember 1936 var ein rik arbeidsmånad for handelspolitikken vår: clearing-avtale med Romania 10 desbr., kontingent-avtale med Frankrike den 22 kompensasjons-handel med Italia den 23. Når eg so tek med ratifikasjonen på handels-avtalen med Uruguay den 12 januar i år, so har eg nemnt alle dei nye avtalane som har kome i stand sidan siste Stortinget. Men dermed er eg ikkje ferdig med handelspolitikken i dette halvåret; for om vi ikkje har fått fleire nye avtalar, so har vi likevel havt meir enn nok av vanskar og av forhandlingar som har kravt arbeid og omtanke.

Største vanskan - det kan nok alle gissa - har vi havt i Spania. Der hadde vi i juni i fjor etter mykje slit og strev, etter forhandlingar i omlag halvt-anna år, fått i stand ein kontingent- og clearing-avtale, og då eg greidde ut for Stortinget i fjor sumar om denne avtalen, sa eg at eg vona at det dermed skulde bli ro i handels-samkvemet vårt med Spania for ei god tid frametter. Men berre fire dagar etter braut opprøret laust, og det kom ein borgarkrig som varer ved framleis. Eg skal no ikkje her i dag tala om dei politiske spørsmåla av ymse slag som krigen i Spania har reist; det skal eg kanskje få leggja fram ei melding om til Stortinget ein annan gong. Eg talar no berre om handelsvilkåra. Den fyrste fylgja i so måte av borgarkrigen var at kjøpmennene i den parten av landet som opprørarane gjorde seg til herrar i, - og det var halvparten av landet eller vel so det, - nekta å selja på clearing over valutacentralen i Madrid, og då kunde det ikkje bli noka clearing lenger for denne parten av landet. Det måtte bli anten kompensasjons-forretningar, vare mot vare, eller kjøp for reide pengar. Kjøpmennene i dei partane av landet som lydte Madrid- (eller sidan Valencia-) regjeringa, tok like eins til å nekta å selja på clearing. Men det gjorde vi motmæle imot, og regjeringa i Valencia greip inn, so i det

minste frukt-innførsla derifrå til Noreg har kunna gå gjennom clearinga. Det har nok vore spørsmål om vi ikkje skulde setja heile clearing-avtalen ut or kraft; men so lenge han står ved lag, har vi i det minste det gagnet av han at clearingnemnda har tilsyn med varebyttet, - ingen kompensasjons-handel blir gjort utan nemnda samtykker.

At det har gått tilbake med all handelen på Spania i denne tida, det er mest sjølvst. Krigen og herjinga i landet har sett ned kjøpeevna sterkt. For heile året 1936 fekk vi ikkje selt til Spania meir enn 8 850 tonn kleppfisk, derav berre 3 300 tonn etter opprøret hadde byrja. Det har sitt verd å nemna at av desse 3 300 tonn gjekk 2 000 til det området som lydte Burgos-regjeringa, 1 300 til det som lydte Valencia-regjeringa. I dei to fyrre åra var kleppfisk-utførsla vår til Spania omlag 12 000 tonn, so det er ein kjenneleg nedgang borgarkrigen har voldt.

Likevel ser det just i denne stunda ikkje so reint ille ut. Eg har fått kunnskap om at det i dei siste dagane er selt 2 500 tonn kleppfisk til Valencia, noko over clearinga, noko mot kompensasjon, noko for reide pengar. Dessutan har eg høyrte om 2 000 tonn norsk kleppfisk som skal gå til Barcelona over franske hamner. Men det er greit at so lenge borgarkrigen står på, blir han eit stygt hefte for handelen vår.

Stortinget veit at det norske Sjømannsforbundet no nyleg har gjort vedtak om å blokera all sjøfart på dei spanske hammene som lyder under opprørsregjeringa. Spørsmålet om denne blokaden er i desse dagane for arbeidsretten, og eg skal ikkje uttala meg om den rettlege sida av det. Regjeringa har i det minste ikkje noko rettsvåpen som ho kan gripa inn med i slik ein blokade. Men Stortinget bør vita at Regjeringa har gjort det ho kunde for å hindra at blokaden vart sett i verk. Serskilt har ho freista gjera det klart for Sjømannsforbundet at ein blokade som ikkje alle dei store sjøfartsnasjonane er med på, er dømd til å mislukkast og ikkje gjer anna enn skade for den norske handelen. Det kjem no snart til å visa seg om blokaden blir avlyst eller ikkje.

Til vederlag for tap i Spania har det gått jamt bra med utførsla vår til Portugal. Både i fjor og i fyrrårs hadde eg mest berre leitt å melde om handelen vår med dette landet, og fullnøgde kan vi slett ikkje vera endå. Men visse lyssider har vi då her, og serskilt då den at Portugal har halde lovnaden sin om å kjøpa norsk kleppfisk til ein rimeleg overpris over den islandske. Den munnlege avtalen frå nyåret i fjor gjekk ut på at den portugisiske kleppfisk-centralen skulde betala minst 30 sh. 6 d. for ballen (60 kg.) og alltid 1 sh. 6 d. meir for norsk enn for islandsk fisk. Det hende i fyrstninga på året at islandsfisken kom upp i ein pris på 30 sh. 6 d., og då fekk dei norske eksportørane 32 sh. Men for det meste har islandsfisken lege nede på 29 sh. eller endå mindre, jamvel berre på 27 sh., so nordmennene då har fått ein overpris på 3 sh. 6 d. Det er so at desse prisane dekker likevel ikkje omkostningane for dei norske eksportørane, og dei har jamt mått få statstilskot, om dei i det heile skulde selja. Men i det minste har då kleppfiskinnførsla gått undan. Portugal skulde etter avtalen taka 40 pct. av kleppfiskinnførsla si frå Noreg, og det vart for 1936 rekna ut til å bli 14 400 tonn. Men i staden har vi fått selt

dit 16 700 tonn, ei 5-6 000 tonn meir enn i dei to fyrre åra, og då har vi i det minste ikkje noko å klaga på Portugal for.

Portugal kan heller ikkje klaga på oss; for vi kjøper trufast heile den vin-kontingenten vi hadde bunde oss til. For eit halvt år sidan slo eg på at kanskje denne vin-kontingenten ikkje skulde syna seg so altfor stor som han tyktest vera for to år sidan. Etter avtalen frå 1934 skulde han vera på 2 890 000 liter, og etter melding frå Vinmonopolet vart det selt her i landet i dei tolv månadene som slutta 30. novbr. 1936, heile 2 800 000 liter portugisisk heitvin, - berre 90 000 liter mindre enn kontingenten. Det er ei fylgje av oppgangstidene som vi ikkje kan vera so glade for. Men det gjev oss mindre grunn til å klaga på avtalen med Portugal.

Portugal og Spania er, som dé veit, dei største avsetningslanda for kleppfiskens vår; dei tek gjerne minst to tridjepartar av han. Den siste tridjeparten går for det meste til land på hi sida Atlanteren, - til Cuba, Brasil og Argentina. På Cuba sette dei fast for to år sidan den regelen at berre land som kjøpte der minst halvparten so mykje som dei selde dit, skulde få nytta godt av dei lågaste tollsatsane, - dei ligg 50 pct. under dei høgaste. No har likevel kleppfiskens heile tida fått koma inn for den lågaste tollen for di han blir rekna for livs-tarvende. Men det er utrygge vilkår å byggja på, og dessutan har vi andre utførselsvarer som vi gjerne vil ha inn på Cuba. Difor tok vi straks upp eit arbeid med å få godkjent for norsk kjøp derifrå alt det cubanske sukkeret som vi får heim over England. For den skuld var det at vi alt i 1935 sette fast innførsels-regulering for sukker, og med god hjelp hos Norges Kolonialgrossisters forbund har vi i 1936 fått kjøpt so mykje råsuksker ifrå Cuba (til raffinering i England), so vi skulde ha rett til å krevja minstetollen for alle norske varer. Formelt er endå ikkje dette i orden; men eg torer gå ut ifrå at det kjem i orden med det aller fyrste.

I Brasil og Argentina har vi ikkje havt nokre serskilde vanskar med utførselsla vår i det siste året. Men eg må då nemna at med Brasil lever vi no berre på ein millombels avtale som kan bli uppsagd på ein fjortandagsfrest. Brasil sa upp alle handelsavtalane sine i fjor, soleis den med Noreg frå 1 august 1936, og vi forhandlar no om ny avtale. Eg kan ikkje segja det er heilt klårt kva grunnlag Brasil tenker å byggja dei nye avtalane sine på. Dei talar der i landet, liksom i so mange andre land, mykje om fridom; men det ser helst ut til at det dei i røynda vil, det er å tryggja kaffe-utførselsla si. Vi på vår side vil gjerne tryggja kleppfisk-utførselsla. Og forhandlingane kjem vel nærast til å bli ei taudraging millom desse to interessene; det teiknar til kontingent-politikk på den kanten òg. Men det kan godt drygja lenge fyrr avgjersla kjem.

Det er greitt at Utanriksdepartementet har ikkje berre stridd med å verja fisk-utførselsla vår, endå den har mått taka eit stort rom i arbeidet vårt. Når vi no, etter den løyvinga Stortinget gav i fjor, har sendt ut serskilde handels-utsendingar til Millom- og Sør-Amerika på den eine kanten og til Nær-Orienten på den andre, so skal dei nok bære to søkja nye marknader for fisken vår. Men dei skal dessutan arbeida for slikt som gatestein på Cuba, papir på det amerikanske fastlandet, trevarer og ymist anna i Vest-Asia. Det er ein

styrke for utførsels vår, di meir mangesidig ho er; det er alltid vandast for oss å føra striden for interessene våre i dei landa som vi berre sender ei einaste stor hovudvare til.

Men jamvel i land som vi har større innførsel ifrå enn utførsel til, må vi stendig vera på vakt og strida for handelen vår. Soleis i Danmark. Der fekk vi avtalar om valuta-utskrivning og kontingentar i august 1935 og januar 1936, og i det store og heile har det gått bra med utførsels vår, serleg etter den siste avtalen. Men vi har stendig mått kri for valuta til eksportørane våre, og i september som var, vart det so snautt for dei norske papirfabrikantane so vi måtte få ein tilleggsavtale for valuta til dei. Det er mogleg at vi til våren må taka upp forhandling om endå meir valuta-utskrivning; for det kjem stendig nye krav i den vegen.

Mest same striden har vi havt i Tsjekkoslovakia. Der la dei mykje av innførsels si under valutalisens frå 1 september i fjor, og då vart det straks vanskar for ymse norske varer, - fisk, tran, skinn o.a. Vi skreiv og gjorde fyreteljingar, og fekk gode lovnader. Men det vart ikkje betre for det. So reiste sendemannen vår i Warszawa personleg til Praha og tek upp saka, og den 3 november lukkast det for han å få ei fast semje som tryggja valuta for norske varer, serskilt fisk-hermetikk, feitt og skinn; for fisk og sild vart det jamvel fyrebels fastsett ein minste-kontingent på 4 000 tonn om året.

I Polen har det gått greiare. Der har dei òg i fjor fått ein skipnad med valutalisensar for innførsels si, og der har vi fått kontingent for den viktigaste vara vår, ymse slag feitt og olje. Sume vanskar har det vore, og legasjonen vår må søkja annan-kvar månad om valuta for kontingenten vår. Men det glid bra, og utførsels vår til Polen går fram.

Heilt motsett har det gått med handelen vår med Island. Der fekk dei valuta-lov for to år sidan, og den har dei nytta til skade for Noreg; dei nektar valuta til å løysa inn gamle skuldkrav vi har ståande der uppe, og norske eksportørar får stendig nei når dei søker om innførselsløyve. Serleg hardt har det gått ut over dei som fabrikerer fiskereidskap; Island har sjølv teke til å laga fiskereidskapen, og dertil nyttar dei bl.a. hamp frå Italia som dei byter til seg imot kleppfisk. Den norske utførsels til Island har på dei siste sju åra gått ned ifrå ei 6 mill. kr. til berre 2 1/2 mill. Samstundes har innførsels vår ifrå Island halde seg nokolunde jamt på ei 4 mill. kr., soleis at når fyrr utførsels vår var større enn innførsels, so er det no omvendt. Vi har klaga på den måten Island går fram på imot oss, men fåfengt, og nett no har vi fått eit svar ifrå den islandske regjeringa som er so kaldt som eit svar i det heile kan vera.

Vi kan no ikkje godt fortenkja den islandske regjeringa i at ho fører den handelspolitikken som ho har teke upp; ho har visseleg rett når ho segjer at det er berre sjølvforsvar. Skal Island kunna halda uppe utførsels si, so må det freista taka so mykje det kan av innførsels si frå dei landa som det serleg må selja til, og då kjem slett ikkje Noreg i fyrste rekkja, - tvert imot. Vi kan heller ikkje gjera oss blinde for at Noreg og Island er i tevling rundt i kring i verda, i alle dei landa som kjøper kleppfisk, og det må kjennast beiskt for islendingane at vi kan tinga oss fyremuner i desse andre landa

for di vi - sjølvsagt - er betre kjøparar. Eg tala i fjor òg om desse motsetningane millom Noreg og Island, og eg slo på at det kunde vera mogleg å få semje i staden for strid. Men til no har vi ikkje kome ein annan nærare. Kan henda vi burde gå med på det som Island gjorde framlegg om i juli 1935, men som vi aldri har svara på, - å taka upp heile handelsavtalen frå 1932 til revisjon. Spørsmål er her i det minste nok av.

Eit anna land er det som vi lenge skulde ha forhandla med om ny handelsavtale, men forhandlinga har vore avdrygd frå år til år, - det er dei Foreinte Statane i Amerika. Det er eit serskilt spørsmål som der har stått i vegen no i snart tri år; det er den ser-avgifta på kvalolje som vart sett fast der i landet i mai 1934. Denne avgifta som er mest fire gonger so stor som heile tollen, sette med ein gong stopp for all kvalolje-innførsel til Amerika, og på norsk side har vi då sagt at so lenge avgifta stod ved lag, so vilde ikkje vi forhandla om ny handelsavtale. Heimlege amerikanske interesser står i strid med ein annan i dette spørsmålet. Oljeprodusentane i landet strider for å halda avgifta uppe; men smoltfabrikantane er imot for di dei har fått smoltet sitt tevla ut i Tyskland av den norske kvalolja. Regjeringa har teke avgjort standpunkt imot avgifta, og sendemannen vår i Washington har arbeidd ihuga med å vinna kongressen for kravet om å få avgifta burt; men fåfengt har det alt vore.

So har det vore spørsmål om presidenten skulde nytta den makta han har etter ei fullmaktlov frå juni 1934 til å setja ned avgifta til det halve. Det vilde det no vore lite mun i so lenge prisen på kvalolje heldt seg so låg som han endå var i 1935; då vilde likevel avgifta auka prisen i Amerika med ei 50 pct., og då vilde olja bli for dyr der. Men no siste sumar tok prisane på allslags olje til å gå til vêrs, og den låke hausten i Amerika auka både etterspurnaden og prisane. Då kunde det bli lønsamt å innføra kvalolje jamvel om avgifta berre vart nedsett med desse 50 pct. Då tok vi opp spørsmålet om å få eit nedslag vedteke. Men so synte det seg at presidenten kunde ikkje gjera nedslaget annleis enn at det kom i fylgje med ny handelsavtale, og om so den amerikanske regjeringa hadde sagt at ho ikkje vilde krevja noko vederlag for det at heile ser-avgifta vart avteken, so var det klårt at i forhandling om ny handelsavtale måtte det kome upp ymse krav frå amerikansk side òg. Dessutan brydde ikkje den amerikanske regjeringa seg om å taka upp denne saka straks fyre dei nye vala i Amerika, og då vala var ferdige, vilde ho venta til ho såg om kongressen vilde nya uppatt fullmaktlova for presidenten. Dette siste spørsmålet er endå ikkje avgjort, og soleis står vi då framleis utan forhandling. Vi har ikkje havt nokon skade av det for dei andre utførelsesvarene våre; for i millomtida har vi havt godt av dei nye handelsavtalane som andre land. t.eks. Sverige og Finnland, har gjort med Amerika. Dei Foreinte Statane er eitt av dei få landa som framleis lèt beste-vilkårs-regelen gjelda, og sidan vi har den i den gamle avtalen vår med Amerika, so kjem vi då med i dei fyremunene som andre land får der. Fyrebels kan vi soleis venta og sjå koss det går.

Elles står vi framføre forhandlingar på ymse kantar. I september i fjor kom det melding frå regjeringa i Stor-Britannia om at ho ynskte å forhandla om sume brigde i den

norsk-britiske avtalen frå 1933, og vi svara at det hadde vi ikkje noko imot; vi sa at vi òg kunde ha visse ynskje om brigde, og dei vilde vi då koma med når forhandlinga byrja. Sidan fekk vi vita at dei brigda det var spørsmål om på britisk side, galdt avtalane for jordbruks- og fiskevarer. Men vi har ikkje høyrte noko visst om når den britiske regjeringa vil gå i gang med forhandlinga. I millomtida har vi gong på gong set at talsmänner for serskilte interesser har sett fram spørsmål i det britiske underhuset om regjeringa vil taka godt vare på den næringsgreina som kvar ein av dei representerer. Og vedkomande statsråd har alltid svara eit velviljugt ja. Vi veit at då Frankrike skreiv ned francen i fjor haust (godt og vel fjortan dagar etter Stor-Britannia hadde gjeve oss varslet sitt om avtale-revisjon), då var den britiske regjeringa med på ei høgtideleg fråsegn om at ho vilde streva for å få løyst alle dei banda som då låg på handelen med kontingentar og anna regulering. Når ho no serskilt vilde brigda dei ting i avtalen med Noreg som galdt jordbruks- og fiskevarer, då låg det nær å tru at det ikkje var større fridom for den norske utførsla til England ho hadde i tankane, men tvert imot større avgrensing. Og interpellasjonane i underhuset peikte i same vegen. So eg er redd det helst blir ein forsvarsstrid for handelen vår vi må føra. Vi har i det minste budd oss på dette. Alt for eit år sidan samla vi tilfang til forhandling med Stor-Britannia; for vi tenkte oss at den britiske regjeringa vilde segja upp avtalen med oss til i fjor sumar, soleis som ho gjorde med den danske avtalen. Difor har vi liggjande i Utanriksdepartementet rikt med opplysningar og utgreiingar frå alle dei interesserte norske næringane, og vi kan soleis taka forhandlinga når det skal vera. Vi ventar roleg på upptak frå England.

Derimot må vi nok sjølv gjera upptaket til forhandling med eit av dei britiske dominions, - Australia. Heilt fram til 1915 hadde vi beste-vilkår for handelen vår med Australia i samsvar med den norsk-britiske handelsavtalen frå 1826. Sidan har vi vore utan avtale med Australia, men fått nyta beste- vilkår likevel. Like eins var det med andre statar. Men no i dei siste månadene av 1936 fekk Australia handelsavtalar i stand med sume européiske land, og i desember vart det kunngjort at dei lågare tollavgiftene som var fastsett i desse avtalane, skulde gjelda for ei rekkje med andre land og. Men millom desse landa var ikkje Noreg. Vi har då mått spørja etter kva vilkår som skal til for å få vera med i dei same tollsatsane, og vi skal nett no til å dryfta desse spørsmåla med Australia.

På nokolunde same kanten av verda, i Siam, skal vi like eins til med forhandling. For i november som var, sa Siam upp handelsavtalen vår frå 1926, soleis at han går ut no til november som kjem, og vi har alt fått uppset til ny avtale, - den skal vi då dryfta med Siam.

Endeleg kjem eg so fram til det forhandlingsspørsmålet som har vore mest omsnakka i den siste tida, - spørsmålet om ei forhandling som har både prinsipielt og praktisk innhald, - forhandlinga med Nederland og deretter med dei andre statane som har skrive under på Oslo-konvensjonen frå 1930. På norsk side hadde vi i slutten av siste året reist spørsmålet om ei forhandling med Nederland med det formålet å få bøtt på den noko hardhendte måten vi tykte dei der i landet gjekk fram imot

den norske utførsels på. Dei hadde i 1933 teke til med å setja fast kontingentar for mange innførselsvarer, og dei skar drygt ned på ymse norske varer, serleg papir og fersk fisk. Av fersk fisk, helst då makrel og ål, hadde vi i 1933 ei utførsel til Nederland på omlag 1 700 tonn; men i 1936 hadde vi kome ned i berre litegran over 700 tonn, og endå er kontingenten for det året vi no er inni sett til berre 642 tonn. Av pakkpapir har vi fyrr utført til Nederland både 3 og 4 tusen tonn; men kontingenten for 1936 vart sett til berre noko over 2 000 tonn. Og når det gjeld papir, har Nederland vore mykje velviljugare mot Finnland enn mot oss.

For eit år sidan vart vi nøydd til å setja innførselsforbod for kondensert mjølk og mjølkepulver, for di Nederland og Danmark velte inn over oss mengder av desse varene til so låge prisar so vi kunde ikkje anna enn rekna det for dumping; skulde dei nederlandske fabrikantane ha tent noko på desse prisane, kunde dei ikkje ha betala meir enn omlag 2 øre literen for mjølka, og vi torer difor gå ut ifrå at dei har hatt statsstønad til produksjonen sin. Det var reint sjølvforsvar når vi difor sette det innførselsforbodet vi fekk i fjor. Endå vi soleis stengde for denne eine innførselsvara og dessutan frå fyrr hadde sett grenser for innførsel av blomsterlauk, so var likevel i 1936 - likso vel som i dei fyrre åra - den hollandske utførsel til Noreg mykje større enn den norske til Holland. Vi tykte difor vi hadde god grunn til klage, og vi bad om forhandling.

Ei fyrebuing til denne forhandlinga var den ferda som handelsministeren og jordbruksministeren i Nederland gjorde til Oslo no midt i januar. Dei vilde gjera seg personleg kjende med norske vilkår, og vi vilde samstundes dryfta våre klagemål med dei. So hende det nokre dagar fyrr dei tok i veg hit, at den hollandske fyrsteministeren Colijn i ein samtale med ymse blad kasta fram ein tanke om at Oslo-statane skulde freista på å få i stand eit friare varebyte seg imillom og dermed fyrebu eit friare varebyte i heile verda.

Kor mykje ein skulde leggje i desse orda hans, var kanskje ikkje so godt å vita. Eg må i den samanhengen minna om at den hollandske regjeringa i 1935 hadde sagt nei til det norske framlegget om å vida ut Oslo-konvensjonen soleis at dei statane som var med ikkje berre skulde gjeva varsel til kvarandre om når dei tenkte på tollpålegg, men likso vel når dei hadde planar om noko slag handelsregulering. Dette framlegget vart sendt ut medan Mowinckel var norsk utanriksminister; men eg for min part var einig i framlegget, og trass i at det vart avvist av både Nederland og Belgia, har eg gjennomført det i praksis for Noreg. På den andre sida hadde Nederland og Belgia-Luxemburg i 1932 gjort upp ein avtale om å slå ned ymse tollavgifter seg imillom smått om senn; men denne avtalen måtte dei la falla for di andre statar, serleg Stor-Britannia, gjorde innkast imot at tollnedslaga berre skulde gjelda millom dei tri nederlandske statane. Vilde ein so spørja etter handelspolitikken til den noverande nederlandske regjeringa, so kunde ein finna den utgreidd i eit utførleg skriv frå handelsministeren dr. Gelissen til det hollandske folketinget den 13 november 1936, og dette skrivet var i hovudsaka eit forsvar for kontingenteringspolitikken, i noko mun i motsetning

til høgtoll-politikken. Fjortan dagar etter tala han om dette i eit ordskifte i Folketinget, og der sa han at han arbeidde med å fylla ut kontingenteringspolitikken; han vilde væpna seg so Nederland, som det trongst, kunde føra ein aggressiv handelspolitikk.

Korkje handelsministeren eller traktatdirektøren i det hollandske handelsdepartementet som var med han hit til Oslo, la då heller dølssmål på at det som Colijn hadde sagt til dei utanlands blada, hadde kome reint uventande på dei, og dei hadde slett ikkje noka fullmakt til å dryfta det spørsmålet han hadde reist med oss i Noreg. Eg hadde likevel ein samtale om det med dr. Gelissen, og for di eg gjerne vilde føra spørsmålet burt ifrå dei ålmenne talemåtane som Colijn hadde nytta, over på praktisk grunn, gav eg dr. Gelissen eit skriftleg svar på vegnene til den norske regjeringa. Der peikte eg på både det siste norske framlegget og den hollandsk-belgiske avtalen frå 1932; eg sa at eg meinte det var ein god tanke å få burt noko av tollstengslene, og eg sa at den norske regjeringa gjerne vilde hjelpa til å få i stand ein ny konferanse millom Oslo-statane med det formålet å skapa tryggare grunnlag for eit rasjonelt varebyte millom dei.

Med dette aktstykket i lumma reiste dei hollandske statsrådene frå Oslo til Stockholm. Om dryftingane der har eg ikkje høyrte noko nærare. Men den svenske utanriksministeren reiste straks etter - i samsvar med eldre avtale - i lag med kong Gustav til Bryssel, og på heimvegen stana han litegran både i Haag og i København. Alle stadene vart det samtalar om Oslo-konvensjonen, og i fyrstninga av denne månaden kom det so innbjoding frå den hollandske regjeringa om å la handelspolitiske sakkunnige møtast i Haag til å dryfta moglege utvidingar i Oslo-konvensjonen. Det er greitt at Noreg tek imot denne innbjodinga, og kan dryftinga føra til eit positivt resultat, skal vi vera glade, vi på norsk side òg. Men vonene er kanskje ikkje so store. Eg må nemna at dei forhandlingane vi har havt om større fridom for den norske utførsel til Nederland, ikkje har ført fram til nokon lette som det er umaken verdt å tale om. Desse forhandlingane er endå ikkje førde til endes, so kanskje noko kan bli vunne; men noko prinsipielt skifte i den hollandske handelspolitikken er det ikkje teikn til.

I det heile kan eg ikkje skyna at dei som talar om å koma tilbake til den gamle fridomen i handelen, har noko grunnlag å stå på. Frihandel er det no lenge sidan vi har havt i noko land i verda, so eg veit ikkje alltid kva det er for ein fridom dei talar om. Men jamvel dei regjeringane som i tale og skrift forkynner fridomsprinsipp, driv ein handelspolitikk av heilt motsett slag. Den utgreiinga eg har gjeve her i dag, syner for kvart einaste land at på ein eller annan måte strevar det med å regulera handelen sin - med valuta- utskrivning, med clearing, med kontingentering, med kompensasjonsforretningar. Mange av desse landa har nett i dei siste åra gått over til denne politikken, og om svært mange av dei veit vi at dei ikkje på nokon måte vil gå ifrå han. Vi kan vera misnøgde med den måten han blir førd på, og eg trur vi har grunn til misnøgje, - ikkje berre vi her i landet, men folk i heile verda. Det nyttar

likevel ikkje å ropa på at han skal burt; det vi må arbeida for, det er at det blir betre plan og vidare samanheng i han.

De la kanskje, herr president, merke til at i den fråsegna eg gav den hollandske handelsministeren for tri viker sidan, der hadde eg nytta ordlaget "rasjonelt varebyte". Det var med vilje eg ikkje tok den tradisjonelle talemåten om "fritt varebyte". For han er no berre ein talemåte. Det vi må arbeida for, det er rasjonelt varebyte. Den hollandske chargé d'affaires i Oslo kom nyleg til meg og spurde kva eg meinte med dette ordet. Og eg sa eg meinte eit varebyte som var bygd planfast opp på dei naturlege vilkåra i kvart land.

I fjor sumar tok eg opp denne tanken for dei nordiske landa. Eg bad grannelandsnemndene dryfta spørsmålet om vilkåra for det nordiske varebyttet under omsyn til dei serlege produksjonsvilkåra i kvart land. Eit par einskildspørsmål hadde alt på fyrehand reist seg; det var ord som hadde kome ut om at dei i Danmark tenkte på å setja opp - med regjeringsstønad eller for framand kapital - fabrikkar for kunstgjødsele og for kunstsilke, - ein fabrikkasjon som ikkje hadde naturlege fyresetningar der i landet, men heller høyrde heime i Noreg. Straks etter eg hadde teke opp tanken på breidt grunnlag i Noreg, kom dessutan den svenske regjeringa og spurde om vi ikkje burde få i stand ein plan for økonomisk samhjelp millom dei nordiske landa i krigstilfelle. Dette siste spørsmålet blir no dryft millom dei nasjonale sjølvhjelpnemndene. Men det er i grunnen berre ein led i ein større samanheng. Og grannelandsnemndene gjorde i september i fjor på møte her i Oslo vedtak om å setja til ei serskild nemnd til å dryfta det ålmenne spørsmålet eg hadde reist. Denne serskilde nemnda hadde fyrste møtet sitt i København i desember, og ho har no for det fyrste fått lovnad om at dei i Danmark ikkje skal gå i gang med kunstgjødsselfabrikasjon utan nemnda har fått dryft spørsmålet. Det vilde vera urasjonelt å la fridomen råda i slikt eit tilfelle som dette; det økonomiske livet treng just koma inn under ein rasjonell plan.

I denne samanhengen vil eg segja eit par ord om det innførselsforbodet for urøykt salta flesek som vart vedteke i statsråd no den 5 februar. Vi hadde her i landet på naturleg vis arbeidd opp ein fleskeproduksjon slik at vi skulde få mindre og mindre bruk for framand innførsel. Og i 1934 var då heller ikkje innførsla meir enn 146 000 kg. Men så opplevde vi at ho med ein gong steig i 1935 til 273 700 kg. og i 1936 jamvel til 527 700 kg. Det merkelege med denne innførsla var at ho i so stor ein mun kom ifrå nye land. Dei landa som fyrr hadde stått fremst i innførsla, dei Foreinte Statane og Storbritannia, vart trengde til sides. I staden steig Argentina opp på fyrsteplassen; det auka saltfleskinnførsla si frå 17 700 kg. i 1934 til 198 000 kg. i 1936, soleis til det 11- dubbelte. Og etter Argentina kom dei baltiske landa som fyrr ingen ting hadde innført hos oss av salt flesek. Dei byrja i 1935, og i 1936 var Estland alt nr. 2 i denne innførsla med 130 800 kg., mest likso mykje som alt det saltflesket vi hadde innført i landet i 1934. Dertil kom so Litauen og Latvia, so innførsla frå alle tri baltiske landa var i siste året på 196 000 kg. I fylgje med Argentina kom dessutan Brasil.

Eg trur ikkje ein godt kan forklåra heile denne veldige nyinnførsla utan ein reknar med at England i dei siste åra stengde meir og meir av for det framande flesket, og so måtte då fleskeprodusentane søkja nye marknader. Kanskje ein ser dette best i innførsla frå Danmark; for når den i 1935 var heilt nede i 4 800 kg., gjekk ho i fjor med ein gong upp til 36 000 kg., og mest alt dette kom veltande inn i dei tri siste månadene av året. Det var lite rimeleg at Noreg skulde la seg gjera til avlessingsplassen for all denne overskotsproduksjonen som klemde ned prisane for dei norske produsentane, og alt for meir enn eit år sidan tok dei til å krevja regulering for fleskinnførsla. Utanriksdepartementet sette seg lenge imot, ikkje av prinsipielle grunnar, men av handelspolitiske omsyn; både i fjor vår og i fjor haust meinte vi at eit innførselsforbod då kunde vera til skade for traktat-tilhøvet til Stor-Britannia og dei Foreinte Statane. Dette omsynet veg ikkje no lenger, og difor har vi no gått med på forbodet. Vi har berre samstundes sagt ifrå til Stor-Britannia og like eins til Sverige og Finnland at vi ikkje tenker på å skjera ned fleskinnførsla derifrå, og til Danmark har vi sagt at det skal få ha i fred den gamle utførsla si til oss.

Men her har vi då eit døme på kor naudsynt det kan vera å regulera handelen. I dette tilfellet blir reguleringa sett i verk til vern for den heimlege produksjonen. I mange andre tilfelle bed vi om regulering med kontingentar for våre eigne varer i andre land for di vi elles ikkje kan tryggja utførsla vår. I alt dette er det økonomiske krav som vi ikkje kan avvisa, - som inga regjering kan gå imot. I slikt er livet sterkare enn gamle teoriar.

Dermed er eg ferdig med det eg hadde å segja om handelspolitikken vår i det siste halve året. Det er ikkje om handelen vår eg har vilja tala, berre om handelspolitikken, - avtalar og forhandlingar med utlandet. Men det er ein ting som eg veit at mange vil spørja om for di dei trur at politiske vilkår der har gripe inn i handelstilhøvet, - det er handelen vår med Russland, Sovjet-Samveldet. Og eg skal då endå leggje attåt nokre ord om den. Eg vil då fyrst peika på at sidan 1931, soleis i dei seks siste åra, har utførsla vår til Russland gått ustansleg ned frå år til år. I 1931 selde vi varer dit for 34 300 000 kroner, i 1932 for 32 100 000, men i 1933 berre for 19 600 000, i 1934 for 8 mill., i 1935 for 4 750 000, og endeleg i 1936 for 1 960 000. Nedgangen var soleis i 1933 39 pct., i 1934 59 pct., i 1935 41 pct., i 1936 59 pct. Heile den russiske utanrikshandelen har gått ned i desse åra, men ikkje ålment so veldig som just i tilhøvet til Noreg, og vi kan da nok tenkje oss at her ligg politiske omsyn bak, - ein vilje til å flytja handelen sin over til andre land som Russland på annan måte kunde ha meir nytte av. Men vi må likevel leggja ei hovudvekt på at just den vara som hadde størst rom i utførsla vår til Russland, - fisk, - den har dei meir og meir sytt for å greia seg med sjølv med sin eigen produksjon.

I samanheng med dette blir det då berre eit underspørsmål om Trotski-saka har spela inn og stansa dei russiske kjøpa her i landet. Det var i slutten av august at den russiske regjeringa kom med krav om at vi skulde visa Trotski ut or landet, og dette kravet avviste vi i fyrstninga av september. I

valstriden vart det sagt at russane av den grunn gav upp eit sildkjøp dei elles vilde ha gjort hos oss. Det er heilt og fullt opplyst at dette ikkje var sant; den sildhandlaren som hadde bode Russland eit kjøp, øydela sjølv forretninga for seg, og den framskotne stortingsmannen som fyrst bar denne saka inn i valstriden, var altfor snar til å renna ærend for privatinteresser. Det er verdt å nemna at i 1935 kjøpte Russland norsk sild berre i månadene juni og juli, og heile sildkjøpet det året gjekk upp til 219 000 kroner, medan russane i 1936 kjøpte sild hos oss for 700 000 kroner, det siste i august månad. Dei siste månadene av året er soleis ikkje faste sildkjøpsmånader. I fjor kom dei i gang att med sildkjøpet sitt i januar, og etter det eg har høyrte, er det no på nytt forhandla om å kjøpa sild. Då eg i oktober spurde sovjet-sendemannen i Oslo om det var so at landet hans vilde slutta å handla hos oss, svara han plent nei, at so ikkje var tilfellet. Og styraren for handelsdelegasjonen sa at det beste vitnemålet for at ho ikkje hadde pålegg om noko slikt, var at ho nett i september hadde gjort tinging på eit stort kjøp av slipe-emne. Statistikken syner òg at i dei tri siste månadene av 1936 selde vi slipe-emne og slipesteinar til Russland for 357 000 kroner, - meir enn vi hadde selt dit av desse varene i alle dei ni fyrste månadene isaman.

Det kom klage frå skipsreidarar om at Russland i september slutta med å by frakt til norske skuter. Men samanhengen er at det frakttilbodet som den russiske handelsdelegasjonen sende ut her i fyrstninga av september, var det ingen norsk skipsreidar som melde seg til å taka imot, so russane måtte få skuter frå andre land. Og sidan hadde dei lite bruk for å frakta skuter; serleg var det då heilt slutt på Arkangelsk-farta. Eg vil elles ikkje leggja dølssmål på at vi frå Russland har fått melding om at dei var svært misnøgde med fraktpolitikken til dei norske skipsreidarane; dei kunde få billegare frakt i andre land. På si side vilde vel dei norske skipsreidarane heller frakta skutene sine til dei som betala betre.

I alle tilfelle trur eg vi torer segje at Trotski-saka ikkje har havt nokon nemnande verknad på handelstilhøvet vårt til Russland.

Hambro: Utenriksministeren har lagt frem for oss en hel rekke av saklige og faktiske opplysninger av stor verdi og interesse for alle tingets medlemmer. Jeg går ut fra at man, overensstemmende med vanlig praksis, i oversendelsen til utenrikskomiteen også vil legge at redegjørelsen blir trykt og omdelt til representantene, så de vil ha anledning til å sette sig grundigere inn i den enn man kan gjøre bare gjennom et muntlig foredrag. Jeg tror at det er av verdi, at man nettop ved begynnelsen av en sesjon får en så utførlig og grundig redegjørelse som den utenriksministeren her har gitt. Om dens enkelte punkter er det for øieblikket forhastet å uttale noget. En rekke av de forhold som blev berørt, vil jo tinget få anledning til å ta standpunkt til under drøftelsen av konvensjoner eller traktater og når en innstilling blir avgitt av utenriks- og konstitusjonskomiteen. Jeg vil ikke gå inn på noget av det som har vært nevnt. Jeg går ut fra at man angående det siste som utenriksministeren var inne på, vil ha anledning

til all den drøftelse man måtte ønske, når protokollkomiteen avgir en innstilling om de forskjellige sider ved Trotski-saken. Men jeg vil ha sagt en enkel almindelig bemerkning. Den ærede utenriksminister brukte det uttrykk om de norske eksportører da det gjaldt å komme inn på markedet i Italia - at prisene blev trykket fordi de kappedes om å komme først. Det er formodentlig riktig. Men er det ikke i nogen grad tilfellet under konkurransen mellom en rekke av de mindre land, at de trykker sine utsikter til å få gode overenskomster nettop fordi de kappes om å komme først? Der har fra norsk side vært arbeidet med stor energi og med megen omtanke på å skape et helt nett av traktater, clearingavtaler og annet. Jeg er ikke sikker på, om vi ikke har vist for stor iver etter å få avtaler istand? Utenriksministeren nevnte at de rumenske oljeselskaper ikke var interessert i en avtale, da de ønsket å holde oljen utenfor clearing. Våre eksportører av silke-cellulose til Italia har ut fra nøiaktig de samme premisser hatt svært lite ønske om å bli bragt inn på en clearingavtale. Jeg tror at vi muligens løper noen risiko ved å opdra en liten krets av det som kalles handelspolitisk sakkyndige, ambulerende traktatforhandlere, som drar fra stat til stat og betrakter en traktat eller en avtale der inngås, som en ny skalp de henger ved sitt belte - muligens uten å veie det første, det primære, hvor vidt det overhodet var nyttig eller tjenlig for oss i det givne øieblikk å få en slik traktat. Jeg vil ha nevnt dette som en almindelig bemerkning; for jeg tror der også på mange private hold gjør sig gjeldende en overdreven tro på betydningen av disse traktater; og jeg har ingen tvil om at både Utenriksdepartementet og Handelsdepartementet i mange tilfelle presses unødig av private, som tror at deres interesser tilgodesees ved en i all hast inngått avtale.

Et enkelt forhold vil jeg bare ha sagt to ord om, siden det er blitt bragt inn her av utenriksministeren - Island. Skulde det ikke være på tide at Norge fikk en annen representasjon på Island? Jeg vil ikke ha sagt mer om det; jeg tror at både utenriksministeren og utenrikskomiteens medlemmer vil vite hvilken realitet der kan tenkes å ligge i de ord.

Ellers hørte jeg med interesse og sympati hvorledes utenriksministeren understreket det arbeid, og det i mange tilfelle vellykkede arbeid, som var utført av våre representasjoner ute under de mange ganger vanskelige forhold de har stått midt oppe i. Uten å ville gå inn på de prinsipper som blev nevnt av utenriksministeren, gir jeg ham rett i det faktiske billede, at alle land idag fører en restriktiv handelspolitikk. Det synes som om alle regjeringer ute er på det rene med at det ikke er en heldig politikk å føre; men den ene regjering kan ikke ta initiativ til å komme bort fra det uten at andre regjeringer gjør det samme, - og så ser man nøiaktig det samme kompleks som vi har i rustningsindustrien og på andre områder. Men jeg aksepterer gjerne de ord utenriksministeren lanserte: et rasjonelt varebytte med forskjellige land. Jeg tror at man der er inne på noget av det riktige, som forhåpentlig også vil kunne gi oss gode resultater.

Utenriksministeren nevnte at der skal møte handelspolitisk sakkyndige i Haag ved forhandlingene der nede. Jeg vil gjerne

uttale et ønske om at der under forberedelsen av mange av disse saker ikke bare opereres med det som kalles handelspolitisk sakkyndige. Vi har et handelspolitisk kriseråd bestående av 16 mann. Det er ingen av de 16 som har nogen befatning med politikk. Jeg tror at råd av denne art aldri under de givne forhold kan gi så god veiledning, hvis det ikke innen rådene sitter nogen som har en trening i almenpolitisk tenkning og ikke bare i de spesielle handelspolitiske interesser. Det amerikanske ord som definerer en ekspert som en mann som vet mer og mer om mindre og mindre, innebærer en ganske betydelig realitet, og undertiden har vi en fornemmelse av at der i disse forskjellige råd ikke alltid er det almenmenneskelige utsyn som kanskje er like nødvendig som spesialinnsikt. Jeg vet ikke hvorledes drøftelsene i Haag blir ført fra de andre staters side, men jeg vil uttale det ønske og det håp at de ikke utelukkende blir ført av spesialister i traktater eller av statistikere, men at også en videre, jeg hadde nær sagt, human interesse må gjøre sig gjeldende.

Jeg tror til slutt at det er riktig også å nevne at de vanskeligheter som vår eksport på mange måter står overfor, skyldes økonomisk misére rundt om i mange av verdens land. Utenriksministeren nevnte Kuba f.eks. De økonomiske forhold på Kuba er redselsfulle i øieblikket. Av alle stater i Folkeforbundet er Kuba den eneste som ved utgangen av 1936 ikke har kunnet innfri sine traktatmessige forpliktelser om en avbetaling av sin gjeld, idet den ikke har valuta og har meget vanskelig for å skaffe nogen. - Russlands hele utenrikshandel har vært i tilbakegang, og er jo i forhold til landets ressurser og folkemengde minimal, den minste pr. million innbyggere som nogen stat har. Men også Russland har meget vanskelig for å skaffe fremmed valuta, ikke minst nettop på grunn av det uhyre innskrenkede varebytte landet står midt oppe i. - Vi har, som utenriksministeren nevnte, våre nye handelsutsendinger i Mellem-Amerika og Syd-Amerika på den ene side og i den nære Orient på den annen side. Forhåpentlig er de økonomiske forhold i Mellem- og Syd-Amerika nu noget stabilisert; men stater som Uruguay, for å ta en, og Chile og andre har jo nedskrevet sin valuta ennu voldsommere enn de fleste land i Europa har gjort, og har meget vanskelig ennu for å skaffe likvide midler. Vi knytter alle store forhåpninger til det arbeid som har vært tatt op, og jeg skulde ønske at det måtte lykkes å finne nogen avlastning for vårt fiskeoverskudd, at vi måtte kunne opnå f.eks. i Argentina å finne et tørrfiskmarked blandt de millioner av italienere som er borgere av Argentina, til dels også av Uruguay. Det selges jo nesten ikke norsk tørrfisk i disse stater idag. Hvis det til hjelp for vår legasjon der nede, når planene har vært utarbeidet, trenges visse midler til reklame for oparbeidelse av det norske marked, tror jeg at Stortinget vil se på ethvert herhenhørende spørsmål med sympatisk interesse, og jeg vil håpe at det må bli litt av et symbol at vi har begynt våre forhandlinger med en utredning som den utenriksministeren har gitt idag. Jeg tror det er nødvendig for dette Storting i alle næringsinteressers tjeneste til stadighet å holde sig for øie hele dette kompleks av reelle og betydningsfulle interesser som utenriksministeren har berørt her idag, interesser som må tilgodesees, som utenriksministeren

også understreket til slutt, uten at man er bundet av noen gamle eller forutfattede teorier eller programmer, men kun lar sig diktere av det livet i det givne øieblikk tilsier for å skaffe oss luft og for å skaffe oss markeder.

Colbjørnsen: Hr. Hambros innlegg gikk betydelig ut over noen få oversendelsesbemerkninger eller den almindelige bemerkning som han sa han vilde komme med, så det må vel også være anledning for mig til å komme med et par ord. Jeg skal ikke bruke på langt nær så lang tid som hr. Hambro.

Da de forhandlinger med Holland og andre Oslo-stater som forestår, skal foregå i en meget nær fremtid, kan det være av interesse å si et par ord om dem også her, før det er gjort noget med denne sak. Jeg vil da understreke det som utenriksminister Koht så sterkt understrekte flere ganger i sitt innlegg, den forferdelige forskjell som det nu er mellem liv og lære i handelspolitikken - en forskjell som for eksempel avisene, som daglig beskjefter sig med disse spørsmål, ikke synes å være opmerksom på, hvordan det fra de store staters side - og fra små staters side også - drives en bevisst eller ubevisst bluff-politikk overfor de ganske få land som ennå kan sies å være nogenlunde liberale, og hvordan man, hvis man ukritisk går på dette og følger disse anvisninger, kan risikere å komme inn i forhold som ikke er tilfredsstillende for oss i den stilling vi står nu med hensyn til importrestriksjoner, tollsatsenes høide o.s.v. Det sies nu at man skal nedruste handelspolitisk; men det fremgår svært ofte at man på visse hold utenfra tenker sig dette som en procentvis nedrustning, man skal kutte ned med 10 pct., 20 pct., 30 pct. o.s.v. i tollsatsene, og eventuelt også forlate de forskjellige kvote- og kontingenteringsbestemmelser for forskjellige varer omtrent i samme proporsjon. Men for at sluttresultatet da skal bli riktig, må utgangspunktet være nogenlunde det samme. Hvis vi idag i de forskjellige land hadde jevnt over samme tollbelastning, samme restriksjoner o.s.v., kunde vi gå på dette prinsipp å slå ned med en viss procentsats; men når vi står i den stilling at vi som kanskje det eneste land har for det første en meget svak tollbelastning og dessuten også meget lite av disse andre restriksjoner, vil vi, hvis vi går inn på denne procentvise nedrustning, komme til et galt resultat. Det som må være det riktige sluttresultat, er at man som resultat av alle disse forhandlinger jevnt over skal få nogenlunde samme tollbyrde av beskyttelsestoll og nogenlunde samme omfang av disse forskjellige restriktive reguleringer. Det kan ikke opnåes på den måte som man synes å være inne på nu, og som det daglig fremholdes rundt omkring er den linje man nu skal følge; det kan bare opnåes på den måte, at før man går til en sådan procentvis nedrustning, må da enten de andre stater ruste ned til det nivå som Norge står på idag eller Norge må ruste op til det nivå de andre stater står på. Først efter å ha etablert en sådan begynnelseslikevektstilstand kan man anvende dette procentreduksjonsprinsipp og komme frem til et resultat som kan være tilfredsstillende for Norge. Jeg vil gjerne understreke dette, idet det svært ofte i den offentlige debatt er slik at man ikke tar hensyn til dette totalt forskjellige utgangsgrunnlag som vi har nu, og som skyldes den oprustning

som har funnet sted i de siste 4-5 år rundt omkring i alle land, mens vi her har sittet passive og nesten ikke gjort noget. Det er et fundamentalt punkt som jeg mener bør komme meget sterkt frem med en gang under de forhandlinger som skal optas i Haag.

Hr. Hambro var inne på ekspertene som nu skal forhandle i Haag. Jeg kan underskrive en del av det han sa, om enn på noget andre premisser. Min innvending mot ekspertene, iallfall hvis det skal være de som har ført forhandlingene tidligere, er at de er helt bundet av det gamle, av gammelliberalismen, som ikke har noget annet ønske enn å komme tilbake til den gamle tingenes tilstand: Størst mulig frihet, vill handel mellom landene, bestemt av profitt, priser o.s.v. Her er jeg ganske enig med utenriksminister Koht, når han hevder at tilbake til den tilstand, den gamle liberalisme, den gamle frihandel kan vi selvfølgelig aldri komme. Det er like så umulig som det er for noen av oss her i denne sal å bli til barn igjen. Men når man fører forhandlinger med slike forhandlere, så frykter jeg meget for - og jeg tror også det kan påvises av de forhandlinger som har vært før, av de resultater som foreligger - at vi blir handicapped ved slike forhandlere, at det blir et dårlig resultat av den grunn. Jeg sikter her for eksempel til formannen i det handelspolitiske kriseråd og andre som driver og holder foredrag i Norge og reiser til Kjøbenhavn og holder foredrag om hvor forkastelig planøkonomien er, hvor forkastelig regulering er, hvordan alt dette nye, det planfaste som hr. Koht talte om, er av det onde. Når de skal optre som den norske regjeringens rådgivere og eventuelt som eksperter ved foreløpige forhandlinger, er iallfall jeg av den formening at resultatet blir unødig dårlig, og dårligere enn det vilde ha blitt om man drev forhandlinger ved hjelp av folk som har syn for den moderne innstilling i disse spørsmål og for de problemer som nu foreligger til behandling, og som ikke har bare dette ønske om å komme tilbake til den gamle tingenes tilstand, som vi aldri kan komme tilbake til. Jeg skulde derfor ønske at utenriksministeren, når det gjelder forhandlingene i Haag i slutten av denne måned, vil tillegge dette spørsmål den nødvendige betydning og sørge for at ikke forhandlingene blir ført av folk som er prinsipielt uenige i den linje som hr. Koht selv her har trukket op, for det kan efter min mening resultere i for dårlige resultater for Norge.

Anderssen-Rysst: Den siste ærede talers uttalelser foranlediger mig til å gjøre oppmerksom på at den ærede utenriksminister, da han begynte sitt foredrag her, uttalte at det meste han hadde å si, kunde han i grunnen ha sagt for åpne dører. Nu skal hans foredrag oversendes til utenriks- og konstitusjonskomiteen til behandling; men allerede den debatt som har vært ført her idag, viser at det er ønskelig, for ikke å si nødvendig, at disse ting debatteres her i Stortinget for åpne dører, og da bør utenriksministerens foredrag offentliggjøres i den utstrekning som det er mulig, for at det kan være utgangspunktet for de senere drøftelser her i Stortinget. Det er overmåte viktige ting det gjelder, og vi ser at synspunktene brytes på en skarp måte mot hverandre. Det vilde være rimelig at disse ting debattertes for åpen scene.

Hambro: Det er ikke angående denne sak jeg forlanger ordet, men jeg vil benytte dette møte for lukkede dører til å gjøre oppmerksom på at utenriks- og konstitusjonskomiteen har mottatt fra Utenriksdepartementet det utkast til konvensjon om trålerfisket utenfor Nord-Norges kyst som en komité med fylkesmann Bassøe som formann har arbeidet med, og som har vært berørt i tidligere møter for lukkede dører her, idet Utenriksdepartementet ønsker å få Stortingets samtykke til å opta offentlige forhandlinger omtrent på dette grunnlag. Utenriks- og konstitusjonskomiteen ønsker ved denne saks behandling å bli forsterket med to medlemmer av sjøfarts- og fiskerikomiteen, opnevnt av denne, og jeg går ut fra, hvis ingen innvending fremkommer mot dette, at det blir å betrakte som Stortingets beslutning. Det er i kontinuasjon av tidligere beslutninger under hele sjøgrensesakens behandling tidligere.²

Efter utenriksministerens redegjørelse uttalte

Presidenten: Presidenten foreslår at utenriksministerens redegjørelse oversendes utenriks- og konstitusjonskomiteen. Presidenten går ut fra at utenriksministerens oversikt blir trykt og tilstillet Stortingets representanter, og har alt foreslått at oversikten oversendes utenriks- og konstitusjonskomiteen.

Votering:

Presidentens forslag bifaltes enstemmig.

Presidenten: Presidenten går likeledes ut fra at Stortinget tiltrer hr. Hambros uttalelse om at utenriks- og konstitusjonskomiteen forsterkes med to medlemmer ved behandlingen av den av hr. Hambro nevnte sak. - Ingen har uttalt sig derimot, og presidenten går ut fra at så kan skje.

Protokollen blev derpå referert uten å foranledige nogen bemerkning.

Møtet hevet kl. 12.50.

² Hit gjengitt etter trykt, hemmelig dokument: Dokument C (1937).